

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/12176-7

Søknad om fritak frå verv i skatteutvalet - eventuelt suppleringsval

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gir Oddveig Birkeland fritak frå vervet som medlem i det regionale skatteutvalet i Skatt vest for valperioden 2016 - 2019.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune føretek slik oppnemning av ny medlem for valperioden 2016 - 2019:

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:
Søknad frå Oddveig Birkeland om fritak

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I møte 01.06.16, sak 42/16, føretok fylkesutvalet slik oppnemning av medlemmer til skatteutvalet for Skatt vest for perioden 2016 – 2019:

Nestleiar: Tore Bråstad, Leirvik
Medlem: Oddveig Birkeland, Førde
Varamedlem: Arnstein Hauståker, Kaupanger

Alle tre var medlemmer/varamedlem i det regionale skatteutvalet også i førre periode (2012 – 2016). Totalt har skatteutvalet i Skatt vest ni medlemmer og tre varamedlemmer.

Oddveig Birkeland har ved e-post av 12.d.m. søkt om fritak frå vervet på grunn av høg alder.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet gir Oddveig Birkeland fritak som omsøkt. Fylkesutvalet må i tilfelle oppnemne ein erstattar. Det er ikkje rettslege hinder for å oppnemne ein mann, t.d. Arnstein Hauståker, som har vore varamedlem sidan 2009. Fylkesutvalet må i så fall oppnemne ein ny varamedlem i staden for Hauståker.

Det gjeld ingen særskilte kvalifikasjonskrav for utvalsmedlemene, men det kan ikkje oppnemnast skatteoppkrevjarar eller personar som er tilsette hjå Skattedirektoratet eller ved skattekontora, jf. likningslova § 2-5. Også tenestemenn i påtalemakta er utelukka frå å gjere teneste i utvalet. Heller ikkje personar som er frådømd røysteretten eller som i løpet av dei siste ti åra er straffa for brot på skattelovgivinga eller som i den same perioden er ilagt tilleggsskatt med meir enn 30 prosent, er valføre.